



Møtereferat

Vår dato: 09.12.2015

Aust-Telemark vassområde

Møte : Arbeidsgruppemøte
Møtestad : Landbrukskontoret i Atrå
Møtedato/-tid : 26.11.2015 kl 10-15
Møteleiar og referent : Liv R. Flå

Tilstades:

Arne Kjellsen Fylkesmannen i Telemark (FM)
Ingrid Strande Telemark fylkeskommune (Tfk)
Bjørn Bjørnsen Tinn kommune
Dorthe Huitfeldt Vinje kommune
Liv R. Flå Prosjektleder (PL)

Fråfall:

Jørn Ingar Sanda Notodden kommune
Nicolai Østhus Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB)

Saksliste:

Nr.	Sak	Kommentar/ Avgjerd	Ansvar
11.01	Referatsaker 1. Referat frå arbeidsgruppemøtet 07.05.2015	<p>Referatet godkjent med tilføyningar i sak 10.02 og 10.03:</p> <p><u>Sak 10.02 Økonomi</u></p> <ul style="list-style-type: none">- ØTB vil bidra med finansiering i regulerte vassdrag. <p><i>Tilføyning:</i> Arbeidet med overvaking av regulerte vassdrag vil bli igangsett etter at forvaltningsplanen er vedteke. Det må lagast ei bestilling til ØTB på overvakingsbehovet i regulerte vassdrag våren 2016.</p> <p><u>Sak 10.03 Vidareføring av arbeidet i vassområdet etter 2015</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Invitere plan, landbruk og teknisk i	FM og PL

	<p>2. Orientering om planarbeidet ved Ingrid Strande</p>	<p>Tokke, Vinje og Tinn kommunar til felles info- og drøftingsmøte om korleis ein best kan integrere vassforvaltnings-arbeidet i kommunane.</p> <p><i>Tilføyning:</i> Styringsgruppa slutta seg til dette forslaget frå AU. PL tok kontakt med Tokke kommune om det var interesse for eit felles møte med Vinje og Tinn for å drøfte korleis ein best kan gjennomføre arbeidet etter vassforskrifta. Tilbakemeldinga frå Tokke var at dei ikkje ser behov for eit slikt møte da arbeidet fungerer godt i eigen kommune.</p>	
<p>11.02</p>	<p>Årsrapport 2014</p> <p>Gjennomgang og godkjenning</p>	<p>Årsrapporten 2014 vart godkjent med følgjande kommentarar/ forslag:</p> <p>Vassområdet har nytta Fjellab til å ta fysisk/kjemiske analysar. FM stiller spørsmål om analyse av fosfor ved Fjellab er nøyaktig nok (måler i mg/liter?).</p> <p>Fjellab har til no ikkje lagt analyseresultata inn i Vannmiljø, og vassområdet har nytta Tronhus bunndyrundersøkingar til denne jobben. Det bør avklarast med Klif kven som kan få tilgang til å registrere data i Vannmiljø.</p> <p><u>Forslag til årsrapport for 2015:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tilsvarande “Erfaringar frå prosjektleiar”, bør det vera eit pkt “Erfaringar frå samarbeidspartnarane (kommunar/ fylkeskommune/ sektormyndigheiter)” 2. Under “Behov/ forventningar til VRM, FK, FM, sektormyndigheiter”, bør det også stå forventningar til kommunane. (Vassområdet har forventningar om at kommunane deltek i planarbeidet og følgjer opp i samsvar med sektoransvaret sitt.) 	<p>Det viser seg at Fjellab måler fosfor/ fosfat i mikrogram/ liter.</p> <p>PL undersøker med Klif kven som kan ha skrivetilgang i Vannmiljø.</p> <p>PL har sendt forslaga til årsrapport 2015 til Hilde Reine 25.11.15.</p>

<p>11.03</p>	<p>Inndeling av vassområde (VO) i Telemark – drøfting av forslag</p> <p>Ingrid Strande hadde laga eit utkast med forslag til ulike inndelingar av vassområde i Telemark. Matrisen viser fordelar/ulempar ved dei ulike inndelingane.</p>	<p><u>Kommentarar på møtet:</u></p> <p>-Det er viktig med nokonlunde like problemstillingar innafør eit vassområde. Med heile Telemarksvassdraget samla i eitt vassområde blir det stor skilnad på nedre delar (tett befolka, stor jordbrukspåverknad, kystvatn m.m.), samanlikna med øvre delar (tynt befolka, lite jordbuk, store kraftreguleringar, store upåverka fjellområde).</p> <p>-Lokal forankring kan gå tapt dersom vassområda blir for store, t.d. heile Telemarksvassdraget.</p> <p>-Etter dagens vassområdeinndeling høyrer Øyfjell i Vinje kommune med i Midtre Telemark VO (m.a. Rorgevatn, Dyrlandsvatn, Vikvatn, Breivatn, Vikåi). Vinje kommune er i dag aktivt med i Tokke/ Vinje VO og Aust-Telemark VO. Sidan kommunen ikkje deltek i vassområdearbeidet i Midtre Telemark VO kan problemstillingar knytta til vassforvaltning i Øyfjell i enkelte samanhengar få for lite merksemd/ oppfølging i kommunen. Det vil bli krevjande for kommunen å delta i eit tredje vassområde. Kanskje kunne justeringar av vassområdegrensa i dette området vore formålstenleg?</p> <p>-Med tanke på verdensarvstatus for Notodden og Rjukan knytt til industriutbygging og vasskraftutbygging, er det eit spørsmål om Tinnåe med nedslagsfelt burde vore ein del av Aust-Telemark VO?</p> <p>-Bør tilstrebe inndeling (etter nedbørfelt) på ein måte som medfører at kommunane blir med i færre vassområde, så langt dette er formålstenleg ut frå andre interesser.</p> <p>-Viktig å ha ei klår målsetjing for arbeidet med inndeling i nye/endra vassområde (Kva felles interesser skal ein leggje størst vekt på?)</p>	
---------------------	---	---	--

<p>11.04</p>	<p>Økonomien i vassområdet – drøfting av fordelingsnøkkel mellom kommunane</p> <p>Prosjektarbeidet i Aust-Telemark vassområde er finansiert ut 2015. Det vil før jul/ januar 2016 bli fremja sak i Tinn og Vinje kommunar om vidareføring av prosjektet i 2016, og at varig organisering av arbeidet skal handsamast i kommunane når resultatet av den nasjonale evalueringa av vassforvaltningsarbeidet føreligg i 2016.</p> <p>Forslag til økonomisk fordelingsnøkkel mellom kommunane (sett opp i høve til folketal, areal som kommunane har i vassområdet, antal vassområde som kommunane deltek i) vart sendt ut før møtet.</p> <p>Notodden vil vurdere deltaking i vassområdet på nytt når ei varig organisering av arbeidet er på plass. Notodden vil likevel delta i arbeidsgruppa i 2016, men utan å bidra økonomisk til prosjektet.</p>	<p>Forslag til inndelingar i nye vassområde/justeringar av grensene til vassområde, skal inn i forslag til planprogram for neste planperiode 2016-2021. Planprogrammet blir truleg sendt på 6 mnd. høyring 01.01.2017. Organisering av nye vassområde kan derfor tidlegast skje i 2017, og det vil truleg bli naudsynt å fremje sak i kommunane om vidareføring av prosjektet også i 2017. Kommunane bør derfor vurdere om det er formålstenleg å handsame vidareføring av prosjektet i 2016+2017 i same sak.</p> <p><u>Kommentarar til fordelingsnøkkelen:</u> Andel areal kommunen har i vassområdet er utrekna i høve til kor stor del av kommunen sitt areal som ligg i vassområdet. Kommunen sin areal (og vektning av areal) bør vera utrekna av kor stor del kommunen sitt areal utgjer av vassområdet.</p> <p>Ut frå at Notodden kommune har eit politisk vedtak på at dei vil vurdere deltaking når ei varig organisering er på plass, såg AU-møtet det som lite formålstenleg å drøfte økonomisk fordeling mellom kommunane. Varig organisering vil truleg resultere i nye/ endra vassområde som vil endre grunnlaget i fordelingsnøkkelen.</p>	
<p>10.05</p>	<p>Tiltaksgjennomføring etter regional plan frå 2016 – innspel til gjennomføring</p> <p>Korleis kan vi best samordne arbeidet i</p>	<p>Vi må finne høvelege samarbeidsformer for å koma i gang med tiltaksgjennomføringa. T.d der ein sektor har same problemstillingar i</p>	

	<p>vassområda og sektorane for å få gjennomført regional vassforvaltningsplan på ein effektiv og god måte?</p> <p>Det vart delt ut kommunevise tabellar over forslag til tiltak i vassforekomstane på møtet</p>	<p>fleire vassområde i fylket/ regionen, kan det vera formålstenleg at desse vassområda har felles kontakt/ møte med sektoren for å få til ei god og økonomisk tiltaksgjennomføring. I andre høve er det formålstenleg å jobbe med enkeltområde, t.d. nedre Måna. I dette området er mange sektorar (kommune, NVE, FM, SVV), grunneigarlag og brukarinteresser involvert, og her bør 1.trinn i tiltaksgjennomføringa vera å utarbeide ein tiltaksplan for området. Alle involverte bør vera med i arbeidet med tiltaksplanen.</p>	
	<p>Eventuelt</p>	<p>Inger saker</p>	
	<p>Innføring i bruk av vann-nett</p>	<p>Det vart ikkje tid på møtet til gjennomgang av Vann-nett.</p> <p>Det kom forslag om at FM og PL bør ha innføringskurs i bruk av Vann-nett i kvar av kommunane. Kommunekontakten samlar folk frå plan, teknisk, landbruk, evt. politikarar til kurset. Vi legg opp til eit kurs på ca 3 timar, med gjennomføring i januar/februar 2016.</p>	<p>FM og PL</p>